



# Sørnorsk folkemusikksenter

*Sørnorsk kompetansesenter for folkemusikk og -dans*

## Innspel til Vestfold og Telemark fylkeskommune sin nye kulturstrategi

### KORT OM SØRNORSK FOLKEMUSIKKSENTER

I 2015 gjekk Telemarkfestivalen saman med fleire folkemusikkaktørar i distriktet om etableringa av Telemark folkemusikksenter. Ambisjonen med eit folkemusikksenter er å danne kompetansemiljø som vil arbeide med bevaring, vidareutvikling og fremjing av folkemusikkarven i regionen. I 2019 endra me namn frå Telemark folkemusikksenter til Sørnorsk folkemusikksenter, og definerer oss sjølv som eit regionalt senter for folkemusikk og folkedans i Agder og Telemark og Vestfold. Sørnorsk folkemusikksenter driftast i dag av eit sammensett styre med representantar frå dei seks medlemsorganisasjonane per no: Telemarkfestivalen, Folkemusikkarkivet i Telemark, Bø museum, Telemark kulturnettverk, Norsk Hardingfelesenter og Telemark folkemusikklag. 1.1 2021 engasjerte folkemusikksenteret Kristoffer Mosfjeld i 20 % stilling som dagleg leiar.

### INNSPEL TIL STRATEGIENS INNHOLD OG STRUKTUR:

#### Hovudtema:

Innleiingane gjer det tydeleg kva kvart enkelt hovudtema skal dreie seg om. Sørnorsk folkemusikksenter meiner at «Kunstproduksjon og kunstformidling» bør vere med som eit eget hovudtema i kulturstrategien. «L'art pour l'art» – kunst for kunstens skyld – er eit viktig omgrep som til dømes Kulturrådet set høgt! Om Vestfold og Telemark fylkeskommune ønskjer å vere «kulturfylket med stor K», så bør kunstens eigenverdi vere eit mål i seg sjøve - ikkje berre som instrumentelle tiltak til mål innanfor andre område. Med andre ord ønskjer me at «**Kunstproduksjon og kunstformidling**» vert definert som eit eget hovudtema i kulturstrategien.

#### Mål:

Det er ein brei tolking av omgrepet «kultur» som leggast til grunn i denne kulturstrategien. Dette fører til at målformuleringane vert mange og omfattande, men dei synast dog å vere relevante og aktuelle for dei aktuelle områda. Me trur måla kan kommast i møte med god dialog og samarbeid med aktuelle aktørar innanfor dei aktuelle områda. Det vil nok likevel vere ein tidkrevande og omfattande prosess der vegen vil vere målet.

#### Tiltak:

Det er formulert en rekke tiltak under hvert av hovedtemaene i planen – nokre meir konkrete enn andre. Rekkefølga for tiltaka framstår som litt «hulter til bulter», og det kan kanskje med fordel gjerast ei vurdering på om det er mogleg å kategorisere tiltaka på ein meir hensiktsmessig og oversiktleg måte. Ei slik kategorisering kan kanskje vise seg å vere eit bra utgangspunkt for arbeidet med temadokumentane som det nemnast skal utarbeidast for dei aktuelle fagområda.



### **Temadokument:**

Eit strategidokument skal vere ein overordna plan for verksemda. Vår erfaring er at strategidokumenta ofte ligg urørt i stor grad, men at arbeidsplanar med røter i strategidokumentet er det verkelege verktøyet. Utarbeiding av eigne temadokument for aktuelle fagområde vil difor vere eit viktig arbeid. Sørnorsk folkemusikk reknar det som ei sjølvfølge at musikkfeltet i fylket vil vere gjenstand for eit slikt temadokument – der folkemusikken og folkedansen bør ha ein sentral plass. Eit slikt temadokument bør seie noko om produksjon og skapande verksemd, musikkformidling, rekruttering- og talentutviklingsarbeid, samt ei kartlegging av aktuelle samarbeidspartnar innafør feltet. Me meiner det er viktig å sjå heile musikkfeltet i samanheng, fordi me meiner det er ein nære band mellom rekrutteringsarbeid, musikk og dans som allmenkultur og samversform, talentutvikling, konsertverksemd og profesjonalisering av artistar og arrangørar. Med tanke på folkemusikken og folkedansen i fylket, så skal ikkje dette berre vere ein verneverdig kulturarv, men også eit levande og aktuelt kulturuttrykk i vår eiga samtid. Tanken er at folkemusikksenteret skal kunne arbeide med alle sider ved folkemusikkfeltet – både det som handlar om dei profesjonelle tiltaka og det som handlar om aktivitetar og opplæring innafør det frivillige musikklivet. Sørnorsk folkemusikksenter bidreg difor gjerne i arbeidet med et slikt temadokument. Det vil vere eit poeng at desse temadokumenta utarbeidast innan rimeleg tid, slik at dei kan fungere som funksjonelle og operative verktøy for arbeidet med realisere måla i kulturstrategien.

## **INNSPEL TIL KONKRETE MÅL OG TILTAK**

### **2.1 STADUTVIKLING**

Telemark er eit unikt kjerneområde for folkemusikken i Noreg. Her kan me vise til 200 år med ein levande tradisjon – en tradisjon som lever vidare i aller høgste grad med fleire av dei mest anerkjende utøvarane i landet busett i området – både nolevande og andre som framleis er med oss i ånda, eige folkemusikfestival, eige folkemusikkarkiv og museum med stort fokus på dokumentasjon og vidareføring, solid satsing på rekruttering – og generelt sett eit stort engasjement for folkemusikkens ve og vel.

Folkemusikken og folkedansen har ein særeigen karakter ved at den som regel er sterkt knytt til spesifikke stader og kjerneområde. Det gir folkemusikken ein eigen identitet og assosiasjonar ved seg som er forskjellige frå område til område. Det er dette som gjer folkemusikken så særeigen og genuin, og me trur denne karakteristikken er veldig viktig å verne om – og det er viktig å verne om han der han lever aller mest – på sine respektive stader og kjerneområde. Telemark er eit slikt kjerneområdet med stor K. Sørnorsk folkemusikksenter meiner dette bør kome tydelagere fram i fylkeskommunen sin kulturstrategi.

I høyringsutkastet er det formulert seks særlege tiltaksområde knytt til stadutvikling. Sørnorsk folkemusikksenter meiner at folkemusikken og folkedansen bør vere eit eget satsingsområde, og at det ligg mykje potensial i å auke fokus på og løfte fram fylkets heilt unike kulturarv. Me trur at godt samarbeid og dialog her vil kunne skape gode og viktige ringverknader i dei andre hovudtema som er



definert i kulturstrategien: inkludering, kunnskap, aktivitet, arenaer og internasjonalisering. Sørnorsk folkemusikksenter vil difor foreslå å leggje til eit nytt kulepunkt i målformuleringane: **«Styrke den immaterielle tradisjons og folkekulturen»**

Eit naturleg tiltak i arbeidet med dette målet vil då vere å samarbeide med relevante aktørar om ei satsing innanfor immatriell tradisjons- og folkekultur.

### 2.3 KUNNSKAP

Kunnskapen om og engasjementet for tradisjonsmusikken og dansen ligg gjerne hos ildsjelar og ressurspersonar regionen. Folkemusikken og -dansen treng difor ein regional aktør som kan samordne, stimulere, serve og styrke samarbeidet i kjerneområda.

For å bevare kunnskap om folkemusikk- og folkedansmateriale er det nødvendig med gode arkivinstitusjonar. Arkiva skal drive dokumentasjon og formidling, og vere ein ressurs for forskarar, utøvarar og andre interesserte. Dei må derfor vere bemanna av tilsette med kompetanse på tradisjonen i det aktuelle distriktet. I dag finst det folkemusikkarkiv i Telemark, men ikkje i Vestfold. Det bør difor vere leggjaset til eit til tiltak om å starte arbeid med innsamling og formidling av folkemusikk og -dans i Vestfold.

### 2.4 AKTIVITET / 2.5 ARENAER

Folkemusikken i vår region manglar eit utbygd arrangørnettverk. Sørnorsk folkemusikksenter meiner at ein fylkeskommunal kulturstrategi bør ha klare ambisjonar om ei systematisk formidling av tradisjonsmusikken og -dansen i regionen. Fylkeskommunen sine eksisterande tilskotsordningar bør settast i stand til å støtte lokale konsertar og arrangørar som på grunn av liten befolkning og publikumsgrunnlag krev betre støtteordningar enn meir sentrale strøk. Lokale folkemusikklag kan utgjere eit lokalt arrangørnettverk viss risikoen vert akseptabel. Sørnorsk folkemusikksenter arbeidd aktivt med å leggje til rette for å stimulere til aktivitet hos nye arrangørar og arenaer for folkemusikk og folkedans i regionen.

**Kommentar til tiltak:** Vidareutvikle samarbeidet med regionale kompetansesentre på kulturområdet.

Sørnorsk folkemusikksenter er glad for å sjå dette punktet. Me har mykje me vil samarbeide med fylkeskommunen om med tanke på den vidare utviklinga av Sørnorsk folkemusikksenter som eit kompetansesenter for folkemusikk og folkedans i regionen.

### 2.6. INTERNASJONALISERING

Sørnorsk folkemusikksenter meiner det ligg mykje potensial i auka fokus på internasjonal kontakt og nettverksarbeid. Eit auka fokus på å løfte fram folkemusikken- og dans frå regionen internasjonalt vil gi vår unike kulturarv eit større nedslagsfelt – til dømes i nemnde venskapsbyar i høyringsutkastet. Andre aktuelle stader der folkemusikken- og folkedansen frå Telemark bør vere representert i større grad er verdas største instrumentmesse i Cremona i Italia, samt det store norsk-amerikanske miljøet i Nord-Amerika For profesjonelle utøvarar innan folkemusikk og folkedans i fylket vil det



kanskje gi oppdrag også utanfor Noreg.

Det er eit stort og omfattande arbeid som er lagt ned i utforminga av den nye kulturstrategien for Vestfold og Telemark. Sørnorsk folkemusikksenter set pris på at dykk inviterer med eksterne regionale aktørar i kulturfeltet i arbeidsprosessen, og me ser fram til å samarbeide med fylkeskommunen om å kome måla i møte innanfor dei områda vår kompetanse kan vere til nytte.

Med venleg helsing,

Kristoffer Mosfjeld (s)

Dagleg leiar

Kjell Stundal (s)

Styreleiar



*Ungdommar frå talentkurset "Folkemusikk fordjuping" i aksjon under Telemarkfestivalen i 2019. Foto: Knut Utler*